

## Slik søker du om produksjonstilskott – retteleiing for søkarar

Oppdatert 22.02.23

[Gå hit for å opprette brukar for "Min side" og for å finne søknadsskjema.](#)

### Autentisere og logge på

#### Første gong du loggar på

For å ta i bruk «Min side» må du aktivere brukaren din. Første gong du loggar på gjer du følgande:

1. Du får ein e-post med invitasjon til «Min side».
2. Klikk på lenka i e-posten for å stadfeste brukaren din. For ettertid vil det vere følgande adresse til «Min side»: <https://medietilsynet.force.com>. Det er lurt å lagre denne som bokmerke eller *Favoritt* i nettlesaren din.

Passord opprettar du første gong du skal logge inn. Når passord er oppretta, vil du få melding om å skrive inn ein sikkerheitskode. Denne vil bli send på den e-postadressa du er registrert med hos Medietilsynet.

OBS! Dersom du ikkje mottar e-posten med koden, kan det vere lurt å sjekke spam-filteret ditt.

#### For framtidige påloggingar til «Min side»

1. Gå til <https://medietilsynet.force.com>.
2. Skriv inn e-post adressa di (brukarnamn) og passordet du sjølv har laga
3. Du får tilsend ein sikkerheitskode på e-post. Skriv inn den 6-sifra koden. Trykk «Neste».
4. Du er nå logga inn på «Min side»

Du vil få tilsend ein ny sikkerheitskode kvar gong du skal logge deg på «Min side».

## Fyll inn søknad

1. Klikk på: «Støtte- og tilskuddsordninger»
2. Vel: «Produksjonstilskudd for aviser»
3. Vel: «Vidare til søknad og saker» til høyre på sida.
4. Vel målform
5. Vel: «Opprett ny søknad» for å opprette ein ny søknad, eller
6. Vel: «Mine søknader» for å redigere ein søknad.

Ei ny side opnar seg:

7. Fyll inn namnet på medieselskapet og namnet på avisa. Vel neste.
8. Les informasjonen og vel neste.
9. Fyll ut all nødvendig informasjon i skjemaet. Det vil kunne dukke opp nye felt basert på informasjonen du gir i skjemaet. Du kan gå fram og tilbake i skjemaet.
10. Du treng berre fylle inn rekneskapstal for i fjor / siste år. Vi bruker tidlegare innsend informasjon når vi behandlar søknaden.
11. På sida «*Informasjon om revisor*» fyller du ut informasjon om revisor. Om denne revisoren ikkje blir vist på sida «Avslutning», ta kontakt med Medietilsynet for å gi revisoren tilgang.
12. Når du er har fylt ut søknaden og er klar til å sende den inn, må du huke av «Eg stadfestar at opplysningane i søknaden er korrekt utfylte» og deretter klikke «Ferdig».
13. Ein e-post blir nå send til revisoren du fylte inn på sida «*Informasjon om revisor*». Revisor loggar seg deretter inn, og du vil få tilbakemelding på e-post når revisor er ferdig.

*Dersom du søker om tilskott for eit nyetablert medium, ber vi om at du sender oss ti ulike nummer frå i fjor per post. Dersom mediet er ei kontinuerleg oppdatert nettside, ber vi om at to fulle vekeproduksjonar frå i fjor blir gjort tilgjengelege for Medietilsynet pp e-post til [produksjonstilskudd@medietilsynet.no](mailto:produksjonstilskudd@medietilsynet.no).*

*Nye søkarar vil bli kontakta av opplagskontrollen i Mediebedriftenes Landsforening (MBL) for blant anna å kontrollere opplaget i fjor.*

## Revisorgjennomgang

Når du har sendt inn søknaden, blir den vidaresend til revisor. Du får ein e-post når søknaden er revidert, med tilbakemelding om den er godkjent eller ikkje. Dersom søknaden ikkje er godkjent av revisor, må du endre søknaden slik revisor skildrar i gjennomgangen sin, og sende inn på nytt.

Når søknaden er endeleg godkjent av revisor, blir den saksbehandla i Medietilsynet. Ein e-post med all informasjon på saka blir automatisk send til deg i same augeblink.

## Godkjent / ikkje godkjent

Medietilsynet gjennomgår søknaden, og du får tilbakemelding på e-post og på «Min side» om søknaden er innvilga eller avslått.

Har du spørsmål? Kontakt oss på

[produksjonstilskudd@medietilsynet.no](mailto:produksjonstilskudd@medietilsynet.no) eller 69 30 12 00.